



Forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15, Hoddevik, Stad kommune, Vestland fylke

Heimel: Lov 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet (friluftsloven) § 15.

Reglane gjeld for gnr. 246 bnr. felles, innafor området merka A og B i kartet.

§ 1. Formål

Åtferdsreglane skal sikre bevaring av kulturlandskapet og kulturmiljøet i Hoddevik.

Reglane skal særleg ta sikte på å verne dyre- og plantelivet, motverke ulemper for grunneigarane sin bruk av området og fremje naturvennleg friluftsliv til glede for alle.

§ 2. Virkeområde og iverksetjing

Åtferdsreglane regulerer ferdsele i Hoddevik i Stad kommune i samsvar med gjeldande kart. Reglane trer i kraft straks.

§ 3. Telting og overnatting

Overnatting i Hoddevik er forbode innanfor område A og B på kartet. Forbodet gjeld m.a. bruk av alle typar telt, campingvogner og hengekøyer.

§ 4. Eld

Det er lagt ned totalforbod mot å gjere opp eld innanfor områda A og B på kartet.

§ 4. Dispensasjon

Stad kommune kan i spesielle tilfelle gje dispensasjon frå åtferdsreglane.

§ 5. Brot på reglane

Brot på åtferdsreglane kan medføre bortvisning frå området og straffeansvar etter friluftslova § 39.



Kart

